

Nr 3 - 2022
Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen

Med hjarte
for dei som
fell utanfor
side 4 - 5

Per Undheim
til
MEXICO
side 6 - 8

Sarah
Helland -
Mine år på
Undheim
side 14 - 15

Torvdag
på
Myrebø
side 16 - 18



Min sang

Hva enn deg møter på jorden her
Gud vil ta hånd om deg
Under hans vinger så trygg du er
Gud vil ta hånd om deg

Refr.

Gud vil ta hånd om deg
Hva enn som skjer trygg du da er
Gud vil ta hånd om deg
Gud vil ta hånd om deg

Møter deg farer på livets vei
Gud vil ta hånd om deg
Hvil i hans løfter og engst deg ei
Gud vil ta hånd om deg

Alt du behøver han bed og ser
Gud vil ta hånd om deg
Tro at han svarer den sjel som ber
Gud vil ta hånd om deg

Prøver du hardt han gir mot og trøst
Gud vil ta hånd om deg
Helt inn i livskveldens sene høst
Gud vil ta hånd om deg

– Dette er ein song som har betydd mykje for meg, fortel Reidunn Haavardsholm. – Eg datt og slo med kraftig i hovudet, var til legevakta, men det vart ikkje gjort noko anna enn nokre undersøkingar. Men etter eit par månadar vart eg svimmel og tok kontakt med fastlegen, og vart send til MR-undersøking.

Reidunn fortel at ho etter nokre dagar ringde til fastlegen om han hadde høyrt noko. Han hadde ikkje det, men han skulle sjekke. – Svaret viste at at eg hadde 100 milliliter storkna blod i hovudet. Då var det ikkje anna råd enn

operasjon for å fjerne blodet.

Kvelden før eg skulle opererast fekk eg nokre setningar frå denne songen frå ei venninne i nabologatet. Ho ville oppmuntre meg med desse orda. «Hva enn deg møter på jorden her, Gud vil ta hånd om deg».

– Denne teksten har bore meg i gjennom operasjonen og i tida etterpå. I dag kjenner eg meg god og frisk med eit 7-8 centimeter arr i hovudet. Og songen frå Gunvor har gitt med mykje trøyst, smiler Reidunn.

Reidunn Haavardsholm

møte:plassen

3 - 2022

17. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: Steinar Sandvik
No er torva reist opp til å tørka.
Pål (til venstre) og Vidar Undheim
er fornøgde med resultatet.

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com

TANKAR I TIDA

**«I EIT SKINNANDE NO SKAL DU LEVA, IKKJE
I GÅR, IKKJE I MORGON, MEN NO.» (Gerd
Grønvold Saue)**

På ein vegg heime i Øygardsholen heng ein kalender. For kvar månad er det eit vakkert bilet og eit sitat til ettertanke.

I august dette året er det eit naturmotiv spegla i stille vatn. Men det er ikkje biletet som gav det største inntrykket. Det var teksten til forfattar Gerd Grønvold Saue «I eit skinnande no skal du leva, ikkje i går, ikkje i morgen, men no».

Eg sit i skriverommet og må stanse opp. Tankane kjem og fyller sinnet, eg vender augene ut i det vakre landskapet. Dei grøne og frodige kjelvene – snart er det ny runde med tredjeslåtten. Landskapet er frodig, graset gror og skal bli næring for både dyr og menneske. Andre stadar står kornåkrar og vaiar i seinsommar-vinden.

Bøndene får grøda i hus – i takksemld kan vi sjå oss rundt og kjenne på rikdommen vi opplever.

Men det er ikkje sjølv sagt. Vi ser rikdommen rundt oss og vender tankane til Han som har skapt oss og alt rundt oss.

Gerd Grønvold Saue minner oss på å leve akkurat no, ikkje i gården og heller ikkje dagane vi voner kjem, men akkurat denne dagen. Det er slett ikkje like lett å kjenne på den ganske alminneleg kvardagen og glede seg akkurat no.

Midt i denne dagen, anten det er kvardag eller helg er det ein som alltid ser oss. Han som har skapt oss akkurat slik vi er, er alltid nær oss. Han kan fylle oss med håp og glede, og han veit kva vi og våre treng til eikvar tid.

Det er akkurat no det skjer. Mange av oss drøymer om framtida og i tillegg fyller dagane med fortida sine tankar. Det er viktig å lære av fortida og glede seg til dagar som kjem. Men det er i dag det skjer.

«Hver dag er en sjeldan gave, en skinnende mulighet», seier den danske diktaren Mads Nielsen.

Ta med deg desse tankane. Vi kan glede oss over den ganske vanlege kvardagen og ikkje minst sjå og kjenne glede at vi kan bu akkurat i denne vakre bygda vår.

Steinar Sandvik

Foto: Steinar Sandvik



MED HJARTE FOR DEI

– Diakoni er omsorgsdelen av kyrkja, seier diakon Praxedes Slettebø. – Før hadde presten alle oppgåver som hører til kyrkja, men no er desse oppgåvene delt på fleire personar.

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Praxedes er diakon i Time kyrkjelege fellesråd, med ansvar for Undheim og Time, samt fellesarbeid til dei tre sokna som held stad på Bryne. Ho starta i stillinga i september 2019. Praxedes er utdanna sjukepleiar og er akkurat ferdig med ei mastergrad i diakoni.

SJELESORG OG SORGGRUPPER

– Eg har mange samtaler med ulike menneske. Som til dømes sjælesorg. Det kan vere om nokon opplever ulike kriser, som dødsfall eller alvorleg sjukdom hos sine nære. Til dømes følger eg opp pårørande etter eit dødsfall. Dei får tilbod om å vere med i ei sorggruppe. Der er ein som regel mellom seks til åtte personar. Dette er eit samarbeid mellom sokna i Jæren prosti, fortel Praxedes. Men det kan også vere samtaler ein til ein. Ho reiser heim til dei som ønsker det.

– Det er viktig å få snakke om det ein har på hjartet, og kjenne at ein ikkje er aleine. Eg prøver å kartlegge om dei har nettverk rundt seg. Dei som ikkje har det, har eg særleg kontakt med, om dei ønsker det, seier Praxedes.

BESØK TIL ELDRE

Ho reiser på besøk til eldre som har fødselsdag og fyller rundt. Og ho organiserer andaktar på sjukeheimar. Ho koordinerer også dei frivillige som er knytt til denne tenesta. Og ho held andaktar sjølv. – Ein diakon kan i grunnen gjere det meste som ein prest gjer, men eg kan ikkje ha vigsler, fortel ho.

VIKTIG MED FELLESSKAP

– I tillegg arrangerer ein diakon treff der det er behov for det. Ein diakon har særleg auge for dei som kjenner seg utanfor i samfunnet. Til dømes personar med rusproblem eller innvandrarar. Me ser dessutan ei auke i einslege personar og at fleire er einsame. Mange av dei er eldre. Me prøver å ha

eit tilbod der dei kan kome og treffe andre, og få eit fellesskap. I kyrkja på Bryne har me til dømes innvandartreff og eldretreff, og me har samling for personar med psykisk utviklingshemming, seier Praxedes.

– Me ønsker også å samarbeide med andre instansar, som til dømes Frelsesarmeens. Ein gong i veka er eg på kafé William og snakk med dei som kjem innom der, og eg hjelper til med å dele ut mat. Me kan dra nytte av kvarandre, så dette samarbeidet vil me utvikle.

GUDS GJERNING

Praxedes kom som student til Norge fra Filippinene då ho var 16 år. Det første året gjekk ho på Solborg folkehøgskule i Stavanger. Deretter budde ho på hybel i Egersund og gjekk på vidaregåande skule der. Ho har heile livet kjent seg knytt til Gud, og er oppvachsen i ein kristen heim.

– Eg kjenner meg trygg i trua, seier ho. – Namnet Praxedes er gresk og tyder «Guds gode gjerningar». Det er fint å tenke på. Eg går i Guds gjerning, smiler ho.

Då Praxedes studerte til å verta sjukepleiar, møtte ho han som seinare vart mannen hennar. Etter utdanninga arbeidde ho ulike stader som sjukepleiar. For det meste som avdelingsleiar. I tillegg til dette har ho mellom anna drive matbutikk og gravferdsbyrå. Sidan mannen til Praxedes er prest, har dei budd mange stader; mellom anna på Dverberg i Andøy kommune, i Hjelmeland og på Åndalsnes. Alle stadene har Praxedes engasjert seg i kyrkjelydsarbeidet og i det lokale KrF-laget.

– Eg trur me blir leia av Gud, seier ho.

DIAKONIPLAN FOR UNDHEIM

Kyrkjelyden på Undheim har ein diakoniplan som vert revidert annakvart år.

– Eg har mellom anna ansvaret for å planlegge og organisere vårfesten, ein samankomst med andakt,

SOM FELL UTANFOR

musikk, kåseri og god mat for dei over 60 år. Eg skal då koordinere alle som er med og bidreg på festen, seier ho.

– Det har nett byrja ei ny ungdomsarbeidar på Undheim, Mona Fosse. Eg reknar med å samarbeida ein del med henne. Elles ville det vera fint om frivillige eller andre som bur på Undheim tek kontakt med meg viss dei har tankar og idear om kva eg som diakon kan gjere på Undheim, oppfordrar Praxedes.

– Og dersom nokon treng ein å snakke med, så er det berre å ta kontakt, avsluttar ho.

Diakon Praxedes Slettebø har særleg auge for dei som kjener seg utanfor samfunnet.





Her det det tid å leike saman med barn i vanskelege område i Mexico

Lærerikt opphold i Mexico

Tekst. Steinar Sandvik Foto: Privat

Ein tur til Australia endra livet til Per Undheim (22). Møtet med aktive kristne skapte trøng til å lære meir om Gud.

– Eg visste at Gud fanst. Det hadde eg lært av mor som tok meg og søskena mine på gudstenester i Kristen Tjeneste. Eg levde slik andre levde, og eg sa eg var ein kristen. Tida på vidaregåande skule var tøff og vanskeleg.

– Etter ti år på Undheim skule vart det to år med byggfag på Tryggheim og eitt år med påbygg ved Dronningborg. Så vart det klart for fagbrev. Svennebrevet tok eg hos Preben Undheim. Men Per tok ein pause i læretida.

TIL AUSTRALIA

– Eg treivst ikkje. Difor vart det ein to-vekes tur til Australia. Der fekk eg kontakt med bibelskulen Hillsong College. Det var lett å sjå at studentane var kristne – ikkje berre på skulen og i kyrkja – men alltid. Sjølv var eg ikkje open om trua mi. Her opplevde eg ein trøng til å lese meir i Bibelen

– noko heilt anna enn det eg hadde opplevt før. Og eg ønska å få del i alt det Gud har å gi meg, heile livet.

Per fortel at han i læretida vart skada i ein fot og sjukmeld i tre månadar. I denne perioden opplevde han at det han verkeleg trøng var Gud, og han viser til Kolossarbrevet 3,23: «Alt arbeid skal de gjera heilhjarta, for det er Herren og ikkje menneske de tener.»

NYE PLANAR

– Dette gav meg håp, og eg ønska å leve for Gud. Planane på denne tida var at eg skulle i militæret, men eg kom ikkje inn i militæret så tidleg som eg først ønska. Men Gud viste meg vegen til Ungdom i Oppdrag og Disippeltreningsskule (DTS). Eg sökte og kom inn på Grimerud på eit seksmånadskurs. Dei tre første måndane var ganske intense og lærerrike. Dei siste tre måndane skulle vi utanlands. Eg vart send til Mexico. Sjølv kjende eg at eg vart leia til denne tenestesta.

TRE MÅNADER I MEXICO


– Mazatlan – ein liten by - vart mitt opphold i tre månader. Vi var ei gruppe på ni personar med ei rekke oppgåver. Vi delte ut Biblar, laga opplegg for barn frå rusfamiliar og ikkje minst evangelisering gjennom sang og lovprising, fortel Per. Han fortel at det var ei utruleg lærerik tid.

– Og vi fekk oppleve krafta i evangeliet. Særleg var

México

Per Undheim





Ein Bibel i Mexico

Per Undheim vitnar på eit møte i Tyskland



det rikt å sjå korleis evangeliet forandra folk sine liv. Det var få som hadde hørt evangeliet, og mange hadde eit slags forhold til Gud, men kva han hadde gjort for dei var ukjent for fleire. Og Bibelen hadde dei mindre tilgang til.

– Eg er utruleg takksam for dei tre månadane eg fekk gjere teneste i Mexico, fortel Per.

THE SEND

Den siste tida før sommarferien var Per ein del av ei gruppe på ni som reiste rundt i Nord Norge og inviterte til The Send. Per fortel at det vart rike dagar der dei fekk møte ei rekke forsamlingar og dele Jesu kjærleik med mange.

– Med den same gruppa reiste vi i Tyskland og Bulgaria. Der fekk dei sjå litt av det som skjer i andre land.

– I Bulgaria budde vi i eit frykteleg hostell. På eitt rom byrja nokre guitar å skjelle ut andre heilt tilfeldig, og vi frykta at det skulle bli ein skikkeleg slåsskamp, men det vart det ikkje.

– Ein av dei som var der, fortalte at han ikkje hadde arbeid eller pengar.

– Du treng Jesus, sa ein av dei som var i gruppa vår.

– Der og då fekk vi dele med han, og vi bad for han, og han fekk møte ein levande Gud. Det treffen også mitt liv, fortel Per og legg til kor viktig det er å invitere folk til å ta imot Jesus, ein levande Gud. The Send vart arrangert i Telenor Arena laurdag 25. juni. Dette var eit 12 timars program med mellom anna bønn, lovsang og talar. Målet var å gå ut og dele evangeliet. I løpet av denne dagen var nesten 10.000 med på The Send.

FORSVARET

Når dette intervjetet står på trykk er Per stasjonert på Sætermoen i Troms for å gjere si militærteneste. Der sjekka han inn 10. august. Han ser føre seg 12 månader i forsvaret.

– Men eg er open for å reise ut til nye evangeliseringsoppdrag seinare. Då kan det også vere aktuelt å ha ei slags støttegruppe. Nokre har støtta meg så langt, men det meste har eg finansiert frå eiga lomme.



Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

UNGDOMSARBEIDET

UKUF og ny ungdomsarbeidar

34 ungdommar var samla til UKUF på den første samlinga i haust. Mona Fosse har teke over for Eline Fosse. Me er veldig glade for at ho vil arbeida for oss!

PREST PÅ UNDHEIM

Onsdag 7. september hadde soknerådet møte. Der vart det gjort vedtak om å seie opp avtalen med Stavanger bispedømeråd om 100% prestestilling på Undheim. Soknerådet var delt i avgjerda, med fleirtal for å seie opp avtalen. Avtalen har ei oppseiingstid på 1 år.

For å kunne ha 100% prest på Undheim, har vi måtte bidra med rundt rekna kr. 500.000,- årleg. Gjevartenesta er på kr. 400.000,-. Dei siste åra har økonomien vorte redda av å ikkje ha prest i 100% stilling. Johannes Nedrelid hadde 60%, og May Brit Arnø har vore langtids-sjukemeld.

Roald Byberg er for tida vikar i 50% stilling, løna av bispedømet.

For å ha ein trygg økonomi å møta forpliktingane overfor bispedømet med, måtte gjevartenesta vorte kraftig auka. Soknerådet er svært usikre på kor realistisk det er.

Det er ikkje muleg for bispedømet å halda 100% prest i Undheim. Til det er Undheim sokn altfor lite.



Livsnært og himmelvendt

PER BØRGE HILLESTAD OG GLØD- SAMLINGAR

Soknerådet har i haust engasjert Per Børge Hillestad til å bidra med nokre samlingar til inspirasjon og fellesskap med

yngre vaksne som målgruppe. Alle er velkomne! Samlingane vert kalla G2 GLØD, og dei datoane me allereie har sett opp er

23.10. og 20.11. kl. 19.00.

SUPERMIX

Det har vore usikkert om aktiviteten Supermix kunne starta opp igjen i haust. Det er mange i alderen 4 år og oppover som har vore med på dette.

Me er veldig glade for at Kari Kaald Reiten tek ansvaret for den musikalske biten, og Janne V. Berge, Grete Aardal, Arnfrid Bjelland og Gunn Årdal Helland sørger for hobbyaktivitetar og organisering.

Bli med på Supermix!

Barnekor og hobbyaktivitetar.

Annankvar tysdag i kyrkja kl. 17.00 til 18.00.

For alle som er frå 4 år og oppover.



NY UNGDOMSARBEIDER PÅ PLESS

Mona Fosse er den nye ungdomsarbeideren i UKUF. Ho er 22 år, fra Bryne, og studerer til å bli lærer på Universitetet i Stavanger.

Tekst og foto: Hanne Nordbrønd

– Det er mye spennende som skjer for meg nå, både ny jobb, studie og bryllup. Hun og Simon Handeland giftet seg 24. september i år og skal bo på Nærbø.

- Det har så langt vært veldig fine møter med ungdommene i UKUF!

TRYGG PLASS

Mona har slekt på Undheim, og var mye sammen med dem på UKUF da Jakob, Jarle og Kjellaug var ledere.



- Jeg likte meg veldig godt på Undheim, fikk gode venner, og det var en god plass å være.

– Nå håper jeg selv å kunne bidra til at UKUF blir en trygg plass hvor ungdommer kan ha det kjekt sammen og få input gjennom andakter, sier Mona.

UTFORDRET

Det var Eline Fosse tidligere ungdomsarbeider, som fikk Mona til å søke på stillingen.

- Det er en litt spennende historie. Eline som er mitt søskenbarn, fortalte meg om stillingen, og sa at jeg måtte søke. Jeg sa først "Nei". Jeg hadde arbeid og var fornøyd med det. Men Eline spurte meg flere ganger, og lurte på om jeg hadde noen venner som kunne være aktuelle til jobben. Til slutt tenkte jeg; Hvorfor skal jeg spørre venner om å søke på stillingen, jeg skal jo ha den selv, sier Mona.

ER KLAR

– Nå i ettertid ser jeg at det må ha vært Gud som satte meg i dette arbeidet. Jeg skal bli lærer i barneskolen, noe som er veldig bevisst, siden jeg ikke hadde det så bra på ungdomsskolen selv, sier Mona.

– Jeg ser nå at siden jeg har vært sårbar i ungdomsårene selv, tror jeg at jeg har noe mer å gi på det området. Og selv om jeg var usikker på om ungdomsarbeid var noe for meg, er jeg nå veldig klar. Jeg gleder meg til å bli kjent med ungdommene og ha det kjekt i kirken.

GODE MINNER

– Jeg husker at bilrebus, rollebryllup og andre aktiviteter var veldig kjekt, og jeg er giret på å lage til slike aktiviteter sammen med ungdommene dersom det er noe de vil. Jeg håper også at ungdommene etterhvert har lyst å bidra selv, og ta aktiv del i ungdomsarbeidet. UKUF skal være vårt, ikke mitt, og det er viktig for meg å få med ungdommene, og ha aktiviteter de har lyst til.

I tillegg til UKUF skal Mona være med i konfirmantarbeider på Undheim og Lye. UKUF har også et treffpunkt for ungdommen annen hver torsdag fra klokka 15-17 i kirkekjelleren.

Mona Fosse er mer enn klar til arbeidet som ungdomsarbeider i UKUF.



Per Arne Undheim frå Time Elektro er i full gang med montering av nye lysarmaturar i kyrkjerommet, nesten 12 meter over golvet.

– Mykje har skjedd sidan kyrkja vart innvigd for over 20 år sidan. No skiftar vi ut gammal teknologi med det mest moderne. Det betyr også lågare straumkostnad.

Dei store taklysa heng på same plass som dei gamle. Torvald fortel at det var eit betydeleg vedlikehald med dei gamle lysa, særleg utskifting av lyspærene.

– No vert det mindre kostnad til vedlikehald. Dei nye lysa har ei langt anna levetid enn dei gamle lyspærene. Men det vert ein betydeleg kostnad med utskiftinga av armaturane, seier Torvald.

Han reknar med at totalprisen ligg rundt 100.000 kroner.

– Vi sökte fellesrådet om støtte til oppgraderinga og fekk innvilga støtte, seier ein takksam Torvald Tjåland som legg til at kyrkjestyret også må legge til ein god sum.

SOLLYS

Det er ikkje berre lys som treng oppdatering i kyrkja. Torvald fortel at det er installert lys-skjerming i det høge vindauget mot sør.

– Når sola står rett på frå sør om dagen, har det vore sjenerande motlys, seier Torvald. – No er det ei gardin på plass som kan styrast automatisk frå kyrkjerommet.

MÅLING

Torvald fortel at det også er planar om måling av heile kyrkja. Store deler av målinga flassar av og vert misfarga.

– Etter undersøkingar frå fagfolk er det vanskeleg å finne årsaka til dette, seier Torvald. – Det er også problem med tilgroing og fukt i veggane.

Torvald fortel at det ikkje er teke stilling til kva som må gjerast. Styret har drøfta saka, men enno ikkje kome fram til ein endeleg konklusjon.

Men det som er klart er at tagging på tårnveggen skal fjernast eller målast over. Dessutan er det også planar om å renovere og skifte ut skiferplatene ved inngangspartiet.

Nytt lys i kyrkjerommet

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Straumutgiftene vert betydeleg lågare.

Den første veka i september var Per Arne Undheim frå Time Elektro i full sving med å skifte ut hovudlysa i kyrkjesalen.

NY TEKNOLOGI

– Det var heilt nødvendig å skifte ut lysarmaturane, seier Torvald Tjåland, leiar for kyrkjestyret.

Fiskefangst på søndagsskulen



Ikkje alle leiarane i Søndagsskulen var med på samlinga. Frå venstre Tage Emil Good, Linn Cecilie Høiland, Hanna Tveiten og Jakob Aardal. Dei andre leiarane er Linda Marie Undheim, Kjellaug Wold og ekteparet Gunn Siri og Asle Risa.

Søndag 21. august var det første samling for søndagsskulen etter ferien. Frammøtet av både barn og vaksne vart svært godt.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Denne første søndagen etter sommareferien fekk barna vere med på fisketur der leiar Jakob Aardal delte bibelforteljinga om læresveinane som hadde fiske heile natta utan å få eit napp.

Jesus stod på stranda og sa at læresveinane skulle kaste garnet på andre sidan av båten. Dei gjorde som Jesus sa, noko som førte til ein rekordfangst. Under samlinga fekk også barna vere med på fiske, ikkje i vatn, men med fiskestong og krok bak eit forheng kunne dei fiske opp overraskningar, medan dei vaksne kunne nyte ein kopp kaffi og ein gild prat.

BARN OG VAKSNE

Søndagsskulen på Undheim har samlingar kvar søndag når det er gudsteneste.

– Vi har eit trufast frammøte til Søndagsskulen, både når det gjeld barn og vaksne som følgjer barna, fortel Jakob Aardal, leiar i Søndagsskulen. – Men vi har god plass til fleire, både deltakrar og leiarar.

Gudstenesta startar klokka 10.30. Nokre foreldre tek barna med til første del av gudstenesta. Då får dei vere med dersom det er barnedåp eller nattverd, og det er alltid eit innslag for barna før dei går til Søndagsskulen. Er det familie-gudsteneste, vert barna med på heile gudstenesta.

TRENG FLEIRE LEIARAR

Jakob fortel at dei har eit fast opplegg for søndags-skulen.

– Samlinga er delt i to. Første del er ein «møtedel», deretter ein meir kreativ del der barna får lage ting eller drive andre aktivitetar. Vi brukar opplegget til Søndagsskuleforbundet, eit opplegg som er tilpassa etter alder.

Samlinga varer omlag 45 minutt og då er også gudstenesta ferdig. Då går nokre av barna opp i

kyrkja og vert med på kyrkjekaffi.

– Frammøtet varierer mellom 15 og 20, enkelte gonger litt fleire, andre gonger litt færre. Ein del av dei som følgjer til søndagsskulen, er saman med barna under heile søndagsskulen. Nokre av dei er også med som hjelparar, seier Jakob som skulle ønskt fleire leiarar. I dag er søndagsskulen samla som ei gruppe. – Helst ønskjer vi å dele i to grupper etter alder, men då treng vi fleire leiarar.

Forutan Jakob Aardal er desse leiarar: Linda Maria Undheim, Kjellaug Wold, Gunn Siri Risa, Asle Risa, Linn Cecilie Høiland, Hanna Tveiten og Tage Emil Good.

SPØRJERUNDE

– Vi har ein trufast gjeng som møter opp på søndagsskulen, fortel Jakob som har vore med i mange år. – Fleire av leiarane er nokså ferske. For nokre år sidan slutta nokre av leiarane, og då hadde for få leiarar. Då sette eg meg i bilen og køyrde rundt i bygda med spørsmål om nokon kunne bli leiarar. Og svaret ser dokke her, smiler Jakob.



Leiar Jakob Årdal leia søndagsskulen og fortalte om fiskefangsten etter at lærersveinane kasta ut garnet på andre sida av båten.

Jakob legg til at Søndagsskulen er på Facebook.

– Her er det informasjon og forløpende oppdateringar. Søk oss opp og bli med på Søndagsskule-gruppa, oppfordrar Jakob.



*Til venstre:
Rudi Aardal (frå venstre) og Sarah Mæle Kommedal er trufaste med-hjelpeleiarar på søndagsskulen.*



*Til høgre:
Her er det klart til fiskefangst i kyrkjekjellaren.
Fiskaren er Enevald Aardal.*

Mine år på Undheim

Undheim er ei bygd med mange historier og barn-dommer. Her kommer historien til Sarah Helland, født Bjelland, som er fraflyttet fra Undheim.

Tekst: Sarah Helland Foto: Privat

Mitt navn er Sarah Helland. Jeg er 33 år, utdannet vernepleier og bor sammen med min mann og våre to døtre på Klepp. For tiden prøver jeg som alle andre å få hverdagen til å gå rundt med jobb, skolebarn og fritidsaktiviteter.

GAMLE FELTET

Jeg er oppvokst på Undheim og bodde i det «gamle» byggefeltet i 19 år, før jeg ble modig nok til å forlate redet. Sammen med mor, far og mine tre søskener har jeg fått formet grunnmuren i livet mitt på det jeg kaller verdens beste sted å vokse opp, den grønne bygden. Hvor alt føltes så nært, men likevel så fjernt.

Bestevenninnen min bodde rett ned bakken, og jeg visste hvem alle var. Dette opplevdes som en trygghet, selv om jeg ikke tenkte på det da. Jeg var vant med at dørklokka ringte daglig, og det var ofte en hel hær av nabobarn som sto klar for å ta meg med ut i leken.

Her er sangkoret Ekko der Sarah og hele familien var med

EKKO

Mor og far var aktivt med i kirken. Jeg og lillesøster var med på søndagsskolen. Storebror og storesøster gikk på ungdomsklubben. Jeg gikk på miniklang, en klubb hvor jeg fikk både høre og synge om Jesus. Far og mor var med på å starte barnekoret Ekko og her var jeg og lillesøster med fra starten av. Selv om vi egentlig ikke var gamle nok. Storebror og storesøster var også med.

Dessverre brant kirken vår ned, og vi måtte fortsette med menighetsarbeidet i Samfunnshuset. Ekko, søndagsskolen og flere andre aktiviteter i menigheten skjedde i «postgarasjen», et lokale vi brukte mens kirken skulle bygges opp igjen. Da den nye kirken stod klar var det nesten som om Undheim hadde blitt et nytt sted, og alle mulighetene lå fremfor våre føtter. Det var godt å se at søndagsskolen kunne romme enda flere og at klangen av Ekko virkelig kunne lyde slik navnet bar.

FLOTT UNGDOMSTID

Vi fikk en ny ungdomsarbeider helt fra Bergen, Per Børge Hillestad. Da skjedde det en endring i den grønne bygden. Kirken gikk fra å være en kirke, til å bli et hjem. Jeg hadde tidenes





Sarah Helland (Bjelland) forteller om oppvekst på Undheim og UKUF som grunnmuren for livet videre.

konfirmantopplegg, og ble endelig gammel nok til å delta på ungdomsklubben. UKUF. Det kjennes mektig ut når disse ordene blir sagt. Og det var akkurat slik det var. Det var stort å få være en del av UKUF. Per Børge spurte etter hva vi drømte om her på Undheim. Og litt etter litt fikk vi både dansegruppe, dramagruppe, filmgruppe, bibelgruppe, lovsangsteam og mye mer. Og alle hadde et oppdrag. Vi var som en viktig puslebrikke. Og sammen skulle vi lage en fest med Gud. Hver lørdag var høydepunktet i uken. Jeg var med som lovsanger, sammen med søsknene mine. En lovsang som fylte hele kirken og hjertene våre med Guds kjærlighet.

MØTESTED

Etterhvert fikk vi flere utenfor Undheim til å komme på UKUF. Vi inviterte andre ungdomslag fra Lye, Vigrestad og Ålgård. Menigheten vokste, og kirken ble møtestedet for alle i bygden. Det var trygt å komme inn i kirken. Det var som å komme til et varmt hjem. Jeg ble også med i dramagruppen,

dansegruppe, pyntekomite og etterhvert ble jeg med som styremedlem i UKUF. Sammen med Per Børge planla vi UKUF-møtene fra start til slutt. Det var stort.

Jeg ble formet, utfordret og styrket. Jeg vokste som menneske og vokste i min tro.

FLYTTET

Da jeg var 19 år tenkte jeg det var på tide å utforske horisonten. Jeg startet opp som lovsanger på Fredheim Arena, men kjente fort at dette ikke kunne sammenlignes med Undheim. Det var noe med den tryggheten som manglet.

Etter noen år startet jeg som lovsanger i Klepp kirke. Jeg har bare måttet innse at Undheim var og er noe eget. Et fellesskap som ikke kan sammenlignes med andre, og at dette er greit.

Den følelsen av å komme hjem er ikke like viktig for meg nå, som da jeg var ungdom. Jeg vet jo at jeg er velkommen uansett hvor jeg bor eller hvilken menighet jeg går i. Men som ungdom søker man ofte etter en plass å høre til. Et sted hvor man kan være sammen med venner og kjenne på at man er ønsket og viktig. Et sted hvor man kan vokse og bli trygg på seg selv. Et sted hvor man kan møte Gud og lære ham å kjenne. Det var UKUF for meg. Det ble grunnmuren jeg tok med meg videre inn i livet, og som alltid vil være en solid støtte.



Sarah Bjelland, no Helland, vokste opp i en familie der barna var med på hagearbeidet.

Torvdag på Myrebø

Tekst og foto: Steinar Sandvik

**Det er skore torv på Myrebø i årevis.
No har tradisjonen skapt ny interesse.**

Vidar Undheim og broren Pål Undheim hugsar godt då faren skar torv. For både matlaging og varme vart det fyrt med torv – nesten på alle gardar. Dei som ikkje hadde torvmyr på eigen gard, fekk dei leige ein torvbe.

TORVMYRA VART FREDA

– Eg trur det har skore torv i uminnelege tider, fortel Vidar som bur på garden Myrebø, mellom

Undheim og Skjærret.

No har han og broren Pål teke oppatt tradisjonen med torvskjering. Og det har skapt ei interesse dei aldri hadde drøymt om.

Dei to brørne fortel at faren Håkon Undheim kjøpte garden i 1947.

– Då var det tradisjon med torvskjering kvart einaste år. Eg kan minnast at siste året det vart skore torv her på garden var i 1964, seier Vidar. – Men fleire på Undheim skar torv til langt ut på 1980-talet.

Vidar tok over farsgarden. Han dyrka opp deler av utmarka, men dei 40 måla med torvmyr fekk han ikkje dyrke.



Pål Undheim (t.h.) spar torv frå been medan bror Vidar Undheim lesser på torvtillebåra.

LANGT OVER 1000 MØTTE

Men tidleg på 2000-talet vart det igjen stor interesse for torvmyra – ikkje for dyrking, men for å vise dei gamle skikkane med å skjere torv. For å vise litt om torvskjering, vart det i 2009 invitert det den aller første torvdagen på Myrebø.

Vidar fortel at det var eit omfattande arbeid for å legge til rette for ein slik dag. Denne første dagen samla mellom 1000 og 1500 gjester som fekk oppleve torvdag. Både Sigbjørn Reime på kulturkontoret, Torstein Tunheim og Pål Undheim vart gode pådrivarar og for å få til denne dagen.

– Men det var eit stort førearbeid, minnest Vidar. – Vi hadde ikkje noko utstyr for torvskjering. Noko fekk vi tak i, men noko måtte vi lage sjølve.

Solvor Undheim legg torva ut til tørking.



IKKJE ÅRLEG

Vidar og Pål fortel at den første torvdagen var ei stor oppleveling. Og det var interesse frå mange hald. Tre år seinare bygde Vidar ei eiga torvløe like ved sjølve torvbeen. To år seinare, i 2014, var det ny torvdag med innviing av torvløa.

– Det var aldri aktuelt å ha årlege torvdagar. Til det var forarbeidet altfor omfattande. Men det var stadig interesse frå ulike hald. I 2019 fekk eg ein telefon frå Norsk Folkemuseum, fortel Vidar. – Folk frå museet ville kome på besøk for å lære å skjere torv. Vi viste dei heile prosessen.

Eit gammalt jærhus «Lendehuset» er ein del av utstillinga på Norsk Folkemuseum. Huset var restaurert og skulle ha nyinnviing i 2022 – noko forseinka etter planen. Alt året før hadde Vidar og Pål køyrt bort to kubikkmeter torv til museet.

BLIR EIN TRADISJON

– Vi skjer torv etter våronna før den første slåtten, seier Vidar. – Torva vert lagt opp og tørka for å få ei hard skorpe. Deretter vert tova sett opp som ein pyramide for å tørke godt. Nokre lagra torva i ei torvløe, medan andre fyllte eine skuten på heimehuset.

Pål fortel at det kunne bli skikkeleg krise dersom dei fekk ein dårlig sommar. Torv vart brukt til all oppvarming, både til matlaging, oppvarming, klesvask og i bronnhuset.

Både Vidar og Pål ser for seg nye torvdagar på Myrebø, men det bør vere 3-4 år mellom kvar torvdag.

– Det er mykje arbeid å få til slike dagar, men det er ekstra stas når folk kjem i flokkar for å oppleve slike gamle tradisjonar. Årets torvdag var laurdag 18. juni med god oppslutning.

Det var godt fram-møte på torvdagen. Vidar Undheim og Gunnvor Søyland Brandwijk legg torva på torvtrillebåra. Til høgre Ingrid Søyland Kvammen søster til Gunnvor. Til vestre Kristine Søyland, dotter til Margrete og Karl Søyland.





.Frå venstre Sigurd Sele, Reidar Solli, Kenneth Tønnesen, Ove Frøytlog og Harald Øgreid. (privat foto)

Nashville i Undheim-kyrkja

21. oktober vert det konsert med Nashville Sound og Green Sax i Undheim kyrkje.

Tekst: Steinar Sandvik

– Vi ser fram til ein ny konsert i Undheim kyrkje. Det er heilt spesielt å kome tilbake til Undheim. Her er folk rause og gjennom åra har dei gitt betydelege summar til arbeidet ved barneheimen Ma Ma Childrens Center i Manilla, seier Ove Frøytlog, leiar i Nashville Sound. Han fortel at gruppa ofte har med lokale artistar. Denne gongen er dei to songarane Monika Asheim og Arny Egeland med på konserten.

På Undheim i den lokale komiteen på Undheim fortel at det er gratis inngang, men det vert høve å gi kollekt. Dessutan vert det sal av kaffi og noko attåt. Nashville Sound har spelt saman i meir enn 12 år. Dei har hatt turnear langs kysten frå Sandefjord til Stavanger.

Frøytlog fortel at gruppa prøver å gjenskape den tradisjonelle country-sounnen. Gruppa har hatt konsertar med ei rekke kjende country-songarar.



Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no



Innføringskurs starter i februar og september
Mer info på FB og kirkens-sos.no/rogaland

"Kirkens SOS er for meg et rørt rom, åpent for alle - alltid.
En misteplass hvor livets realiteter tolkes og tas imot
uten krev til en rett fra eller et riktig levd liv."

 **KIRKEN SOS**
ROGALAND

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102

Ungdomsarbeidar: Mona Fosse	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

Døypte i Undheimkyrkja

26. juni



Maiken Undheim

31. juli



Maia Dagestad Tunheim

4. september



Leif Høyekvam



Noah Taksdal

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

- 02.10. Gudsteneste for store og små. Hausttakkefest/2-åringar
- 16.10. Gudsteneste Nattverd. Søndagsskule. Gjest: Bypresten
- 30.10. Gudsteneste for store og små Dåp. Lys vaken?
- 13.11. Gudsteneste Nattverd. Søndagsskule
- 27.11. Gudsteneste Dåp. Søndagsskule
- 11.12. 14:00 Vi syng jula inn
- 24.12. 14:30 Julegudsteneste
- 26.12. 10:30 Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd



Oddrun Sveinsvoll og Dagrun Nedrebø har vore tilsette i Time kyrkjelege fellesråd med arbeidsplass Undheim barnehage i 25 år
Frå venstre: Oddrun Sveinsvoll, Rut Moi Lunde, Dagrun Nedrebø



Mads Emil Hov Rørheim

DEI BAR ÒG SPEDBORNANNA TIL JESUS FOR AT HAN SKULLE RØRA VED DEI. LÆRESVEINANE SÅG DET OG VILLE VISA DEI BORT. MEN JESUS KALLA DEI TIL SEG OG SA: «LAT SMÅBORNANNA KOMA TIL MEG, OG HINDRA DEI IKKJE! FOR GUDS RIKE HØYRER SLIKE TIL» LUKAS 18; 15-16..

BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gjemt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står fra venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fargelegg Jesus



Vitsar

Så var det
fyrvaktaren som
fekk sparken. Han
bruka å skru av
lyset før han gjekk
og la seg.

- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

Trusopplæring hausten 2022

Babysong

Me held fram med babysong om lag annakvar onsdag kl. 10.30.

Dataar for hausten er:

14. september, 28. september, 26. oktober,

9. november, 23. november

Me ønskjer å prøve ut å ha eit enkelt brødmåltid etter babysong-samlingane, og difor har me lagt inn mulighet for påmelding med betaling 100,- kr per semester, slik at me får dekka utgifter til maten.

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/rirzfr>



Småbarnstrall 0-4 år

Me startar opp med eit nytt song og musikk tilbod for 1-3 åringar denne hausten. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar som er tilpassa eit born i 1-4 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me invitere alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje ilag med oss. Dataane for hausten er: 5. oktober, 8. november og 6. desember kl. 16.30 i Time kyrkje.

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/ifrdne>



Fireårsklubb og utdeling av barnebibel

Alle 4-åringane blir inviterte til fireårsklubb og utdeling av barnebibel. Fireårsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av barnebibel i gudstenesta sundagen i etterkant av 4 årsklubb.

Tid og stad:

På Undheim vert det 4 årsklubb 16. og 23 november., og gudsteneste 27. november.

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/pfnuxo>



Undretur 2 år

Det året barnet vert 2 år får dei ein invitasjon til å koma på «Undretur i kyrkja». Me har ei lita songsamling, terner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Nytt for året er at alle får med seg kvar sin «songpose» heim. I posen ligg songkort med QR kode til musikk og film av kvar song. Desse er eigenproduserte av oss kyrkjelydspedagoger, og me gler oss masse til å dela dei ut til alle 2 åringane som kjem.

Tid og stad : Undheim kyrkje 26. oktober kl. 16.30

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/iidmva>



Lys vaken – 5 klasse

Alle som går på 5. trinn vert inviterte til Lys vaken i kyrkja. Dette året ønskjer me å invitera all 5. klassingar frå Undheim, Time og Bryne til ein Felles Lys vaken i Bryne kyrkja 22. og 23. oktober. Det blir pizzafest, leiker og moro, og så avsluttar me kvelden med nattkino med masse popcorn og snope poser til alle. Me håpar me blir ein stor gjeng som skal ha masse kjekt saman til seine kvelden på laurdag, og så delta på gudstenesta på søndagen i Bryne kyrkje. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga!

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/kslmpz>



Barnemesse for 0-5 år

10. november kl. 17:00 i Bryne kyrkje. Dette er ei vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim. Me startar med pølsemiddag, og fortset med ei vandring i kyrkjerommet med bibeltekst, lystenning, song og nattverd, alt på borna sine premissar.

Påmelding via QR kode eller link: <https://pameldinger.no/e/saindj>



Plan-B - aktivitetsdag


2. klasse

18. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl. 08.00-15.00.

Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.

Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut.

Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!



Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i></p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p></p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>Sjekk  Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
	 <p>Høiland & Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>Bryne Rør AS</p>